

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**847**] N-31496.(Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41].)

Innskrifta står på ein kort sylindrisk tapp av tre, 17 mm lang og 15-16 mm i diameter. Kantane er fasetterte. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 6. Det vil seia ein arkeologisk kontekst som er datert til tredje kvartal av 1100-talet.

Det er tydelege dobbeltskorne runer på sida i lengderetninga av tappen. Innskrifta er 12 mm lang og runene 11 mm høge. Siste rune, r. 4, har ingen tydeleg overgang mellom boge og kvist. Bogen gjer eit markert innsving om lag ved midten av staven og skil seg ved det klårt frå r. 2, der det er drege jamn boge frå toppen av staven og ned til grunnlina. Det er såleis ingen tvil om at r. 2 må lesast som **u** og r. 4 som **r**. Tilsvarande **r**-former som dette finst også elles.

I materialet frå Folkebibliotekstomta finst dei i N814, og forma er også kjend i innskriftmaterialet frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 11f).

† N 1 R

**l u t r**

*Hlutr* 'Lut'

Det er såleis ettter alt å dømma ordet *hlutr* m med vanleg norsk bortfall av /h/ før /l/ som er skore inn på denne gjenstanden. Ordet kan rett og slett tyda del eller part av noko. Men det vart òg nytta i meir spesialisert tyding om ein 'lut' til bruk ved lutkasting eller *hlutfall* som det heitte. Ordet kunne også vera brukt om små gjenstandar med undersmakt - amulettar (jf. Heggstad: 192). Både dei to sist nemnde tydingane kan vera moglege her. Det kan henda at vi har å gjera med ein *hlutr* som har vore nytta eller er laga til lutkasting. I mellomalderen var slik lutkasting nytta for å skaffa greie på løynding, t. d. om slikt som låg løynt i framtida. Lutkasting vart også nytta til å avgjera vanskelege saker og som hjelperåd i ymse slags tvistemål. Framgangsmåten er skildra i dei gamle lovtekstene (jf. NgL V: 412 under *lutr*, jf. òg Þingskapa-þáttur i *Grágás*, Ia, kap. 29 *vm hlvt föll* og kap. 46 *at bioða til lutfalla* (Finsen [ed.] 1852: 53 og 79)). Like store pinnar e. l. vart skorne til for kvar av partane i saka som skulle avgjerast.

Deltakarane skulle ha merke på kvar sin pinne. Desse vart så lagde i *skaut*, dvs. i snippen på eit klede, og ein person vart utpeika til å dra ut lutane, syna dei fram og kunngjera kva kvar av dei galdt (jf. òg KLN 11, sp. 11f).

Forma på gjenstanden her høver godt til bruk ved lutkasting slik skildringa av det er overlevert frå mellomalderen. Det kan likevel synast litt påfallande at det allmenne ordet for ein slik gjenstand skal ha vore skore inn med runer som særmerke for attkjenning. Vi kan vel difor ikkje sjå heilt bort frå at det er det magiske innhaldet av ordet som gjeld her, og at gjenstanden har vore nytta som amulett av eit eller anna slag. Eller kanskje er det tale om ein kombinasjon av desse to funksjonane - magi til hjelp ved lutkasting. Spørsmålet kan ikkje avgjerast på det grunnlag vi har her og lyt såleis stå ope.

Eit tenkjeleg alternativ til tolkinga av **lutr** som appellativet *hlutr* m kunne vera å sjå det som eit mannsnamn *Lútr* m - 'den som er bøygd, lut' (jf. Lind 1905-15: 749). Frå nordisk område er namnet einast belagt som mytisk namn: *Lútr* son av *Præll* i *Rígsþula* 12. Belegg frå stadnamn i England gjer det likevel mogleg at namnet innom det norrøne språkområdet også har vore nytta som personnamn, jamvel om kjeldegrunnlaget for ei slik oppfatning er svært spinkelt (jf. Fellows-Jensen 1968: 191 og 1994: 77). Om det såleis skulle vera dette mannsnamnet vi har å gjera med, ville jamvel det høva svært godt med det å sjå gjenstanden med innskrifta som ein del av handlinga å *bioða til lutfalla*. Om enn lite sannsynleg ville vi i så fall måtta her ha å gjera med ein av 'lutene' som er merkt for lutkasting.